

**Fra:** Jens Bjordal <jens.bjordal@bkkfiber.no>  
**Sendt:** lørdag 17. april 2021 10:29  
**Til:** Larissa Dahl  
**Kopi:** 'BWS Musikk'  
**Emne:** SV: Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gnr 1/80 Flatøy

Hei!

Viser til ditt brev av 10.04.21 der du ber om fleire opplysningar før saka vedk. omsøkt tiltak på gnr, 1 bnr. 80 kan handsamast.

Til pkt. 1.

Søkjær er klar over at egedomen ikkje har godkjent vassforsyning eller godkjent utslepp. Søknad om utslepp er sendt kommunen og er under bearbeiding av søkjær grunna manglende opplysningar. Tilkopling til kommunalt vassanlegg er under førebuing og vil bli sendt kommunen for godkjenning innan kort tid. Vonar då på rask handsaming.

Til pkt 2. Volumet på bygget eller bruksarealet skal ikkje endrast ved omsøkt tiltak. Bygget har same bruksareal som tidlegare godkjent bygg og har dermed og same utnytting. Bygget vart godkjent av kommunen 12. mars 2012.

Til pkt. 3. Arbeidstilsynet skal vurdere tilhøva ein arbeidstakarar har i ei verksemd. I omsøkt bygg skal det ikkje etablerast arbeidsplassar. Bygget er eit øvingslokale. Sidan det ikkje skal etablerast arbeidsplassar, har heller ikkje arbeidstilsynet noko trong for å vurdere arbeidstilhøve for arbeidsplassar som ikkje eksisterer.

Pkt. 4. Egedomen som omsøkt tiltak er plassert på dvs. gnr. 1 bnr 80 grensar til kommunal veg som er open for allmenn ferdsel. Noko søknad om utvida bruk på ein offentleg veg er vel ikkje vanleg. Når det gjeld avkøyringsløyve til kommunal veg frå denne egedomen , vil ein ikkje finne noko formelt godkjent avkøring. Både den offentlege vegen, som var etablert i samband med ferjetrafikk på Flatøy, og egedomen gnr. 1 bnr. 80 er gamle tiltak. På den tida var det ikkje vanleg å krevje formelle avkøyringar til slike vegar. Slik praksis vil ein finne overalt i alle kommunar. Det betyr ikkje at egedomen ikkje hadde rett til tilkomst. I dette tilfellet har egedomen vore ute av drift i lang tid slik at noko synleg avkøring vanskeleg kan sjåast. Derfor er slik avkøring nå vist på situasjonskartet som ligg ved søknaden. Søkjær meiner at ovannemde forklaring samt vedlagde situasjonkart skulle vera opplysningar nok til å kunne godta avkøyringa.

Reint generelt vil ein og påpeike at dei punkta som her er lista opp, er heimla i anna lovverk enn Plan-og bygningslova. Søknaden kan derfor formelt handsamast etter Plan-og bygningslova ved at ein set vilkår i godkjenninga om at dei andre tiltaka heimla i anna lovverk blir oppfylt før tiltaka som omsøkt kan setjast i gong.

Mvh.

Jens Bjordal.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Larissa Dahl <[larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no)>

Sendt: torsdag 15. april 2021 08:17

Til: [jens.bjordal@bkkfiber.no](mailto:jens.bjordal@bkkfiber.no)

Emne: Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 1/80 Flatøy

Se vedlegg